



## Vi treng samtykke til å hente inn naudsynt informasjon

Nasjonalt klageorgan for helsetenesta handsamar personopplysningar for å utføre lovpålagde oppgåver frå Helse- og omsorgsdepartementet. For at vi skal kunne handsame saka så grundig som mogleg, kan det verte bruk for å hente inn fleire naudsynte opplysningar og oppdatert dokumentasjon. Vi hentar inn opplysningane først etter at du har gjeve samtykke.

### Kva slags informasjon vert henta inn?

Kva opplysningar vi hentar inn, varierer etter behovet i den einskilde saka. Vi hentar ikkje inn fleire opplysningar enn naudsynt. Dokument som kan vere viktige for å opplyse saka, er:

- helseopplysningar (t.d. journal eller annan informasjon frå helsepersonell)
- økonomiske opplysningar (t.d. informasjon om tidlegare/noverande ytingar frå NAV og andre offentlege ytingar, utbetalingar frå Helfo, likningsdokument, informasjon frå forsikringselskap om eventuelle utbetalte forsikringsytingar)
- personopplysningar (t.d. opplysningar frå Folkeregisteret)
- yrkesopplysningar (t.d. informasjon om arbeidsgjevar og arbeidstilhøve)
- informasjon frå helsestyremaktene dersom saka er handsama der

### Kven har tilgang til opplysningane?

Våre tilsette og nemndmedlemmer med eit tenestleg behov kan lese opplysningane. Tilsette utan eit tenestleg behov har ikkje lovleg tilgang. Det kan verte aktuelt å sende opplysningane til ein ekstern sakkunnig i samband med utgreiinga. Alle har teieplikt.

Når saka er avgjort, går ho i nokre høve i retur til instansen som gjorde det første vedtaket. Dersom du tek saka inn for domstolane for rettsleg prøving eller ankar ho til Trygderetten, følgjer opplysningar vi har henta inn med dit.

### Korleis vert opplysningane brukte og lagra?

Vi er handsamingsansvarleg for opplysningane vi hentar inn. Opplysningar vert berre brukte til det føremålet dei er henta inn for, med mindre vi har lovleg grunnlag til å bruke dei til andre føremål. Vi følgjer personopplysningslova, forvaltingslova, arkivlova og offentleglova, slik at alle opplysningar vert handsama på ein forsvarleg, korrekt og sikker måte. Opplysningane vert lagra på saka i 25–30 år.

Du har rett til innsyn i personopplysningane vi har registrert om deg. Dette kan du lese meir om i «Informasjon om handsaming av personvernopplysningar i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta» som følgde brev om motteke sak og i [personvernfråsegna vår](#).

### Kva skjer dersom eg ikkje samtykkjer?

Dersom du ikkje samtykkjer, avgjer vi saka på grunnlag av informasjonen vi har fått. Eventuelle tilleggsopplysningar vi får frå deg, kan få avgrensa tyding dersom vi ikkje får vurdere all relevant og oppdatert informasjon samla.

### Kven kan signere samtykket?

For at vi skal vite at du har gjeve eit informert samtykke, er det berre klagaren sjølv eller verja til klagaren som kan gje samtykke. Du kan når som helst trekkje samtykket ditt.



## Samtykke til å hente inn naudsynt informasjon

Eg har lese teksten og forstår kva samtykket/ikkje-samtykket mitt vil seie.

Skriv inn saksnummeret/saksnummera og kven du er verje for, og signer under dersom Nasjonalt klageorgan for helsetenesta kan hente inn og handsame opplysningar som er naudsynte for å avgjere saka.

Samtykket gjeld saksnr.:

Eg samtykkjer på vegner av:

.....

Dato

Underskrift